



Olje- og energidepartementet

Saksnr. 11/1246	Dok-ID 19/5693	Arkivkode FE-123, FA-S11	Sakshandsamar JOF	Dato: 25.06.2019
--------------------	-------------------	-----------------------------	----------------------	---------------------

Vedtaksbrev: Høyringsuttale nasjonal plan for vindkraft

Kommunestyret gjorde i møte 20.06.2019, sak 034/19, følgende vedtak:

1. Høyanger kommunestyre vil at kommunane skal kunne påverke og kunne legge ned veto mot vindkraftutbygging innanfor sine grenser. At kommunane vert fråteke ansvar og mynde i eiga arealdisponering er udemokratisk og ikkje akseptabelt.
2. I analyseområde 49 og 50 som begge femner om areal i Høyanger kommune vert områda skildra som godt eigna for vindkraft. Det vert og peika på at områda femner kring viktige miljø- og samfunnsinteresser, samt unike fjordlandskap.
3. Eit vindkraftanlegg høgt til fjells er å sjå på som eit stort industrianlegg, ofte plassert i urørt natur. Den teknologiske utviklinga i bransjen går i retning av høgare master med breiare vengespenn. Vindkraftanlegga legg beslag på eit monaleg større areal enn dei fysiske vindturbinane er plasserte. Naturinngrepa i tilknytning til vegane til anlegga vil også føre til store irreversible sår i naturen. Fleire vil karakterisere dette som visuell forøpling. Ein er redd for støy frå mastene, og sjølve anlegga vil vere til stor sjenanse for alle dei som vil ha ei genuin naturoppleving i fjellet.
4. Høyanger kommune har i over 100 år bidrege monaleg til å forsyne nasjonen med elektrisk kraft via storstila utbygging av vasskraft i nær alle deler av kommunen.
5. Den økonomiske kompensasjonen frå vindkraftanlegg avgrensar seg til eigedomsskatt for kommunane. Dette er ein type skatt som er under press frå statlege styresmakter. Høyanger kommunestyre meiner difor at ulempene vert klart større enn fordelane for kommune og innbyggjarar.
6. På bakgrunn av dette ber Høyanger kommunestyre om at kommunen sitt areal vert teken ut av analyseområde 49 og 50.

7. Plan for vidare arbeid med vindkraft i Høyanger kommune:

Kommunestyret ber om at ein no søker samarbeid med andre kommunar som ønskjer sine areal ut av nasjonal ramme for å kunne utgjere ein felles front over sentrale avgjerdstakarar.

Kommunestyret ber rådmannen arbeide for at dei ulike vindkraftselskapa gjer sine planar i Høyanger kommune kjende for offentlegheita og får klarlagt kva avtalar som er gjort med grunneigarar og andre.

Kommunestyret ber rådmannen invitere grunneigarar til møte for å få klarlagt korleis saka står så langt og diskutere arbeidet framover.

Med helsing

Jorunn Flæthe
administrasjonssekretær

Dette brevet er elektronisk godkjent og mangler av den grunn signatur

Plan og forvaltning v/Synne Vefring